



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1342 - 16/32339

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

25.11.2016

Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 99/4 Våge

Saka gjeld søknad om oppføring av nytt våningshus med to brukseiningar, veganlegg, uthus samt vesentleg terrengarbeid herunder ny dyrkingsfelt.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, og er avsett til arealføremålet LNF. I området er det i utgangspunktet ikkje tillate å føre opp bygg som ikkje er naudsynt i samband med stadbunden næring.

Eigedomens storleik og drift tilseier at det ikkje er trong for våningshus eller andre bygg på eigedomen. Ressursgrunnlaget på eigedomen synest å vere relativt lite.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjonen som sak sak 499/16, der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNFR for oppføring av nytt våningshus med to brukseiningar, tilhøyrande anlegg og terrengarbeid, veganlegg og uthus.

Vilkår:

- 1. Bearbeidd uteareal/terreng som ikkje skal nyttast til vegframføring/parkering, samt arealet ved bygningane som er søkt rive skal først attende til innmarksbeite***
- 2. Det må ikkje gjerast større terrengendringar enn det som er naudsynt for etablering av utvendige anlegg og nydyrkingsfelt***

Vi gjer merksam på at det ikkje er pårekeleg at det vert gjeve ytterlegare dispensasjonar.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for riving av eksisterande våningshus og uthus, samt oppføring av nytt våningshus med to brukseiningar med tilhøyrande anlegg, vesentleg terrengarbeid, veganlegg og uthus på følgjande vilkår:

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



1. *Bygningane skal plasserast som vist i situasjonsplan journalført 11.11.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3*
2. *Tiltaka skal knytast til privat avlaupsanlegg og borehull for vatn*
3. *Det må sendast inn ein revidert og detaljert utomhusplan/situasjonsplan til godkjenning, som viser omfanget av skjæringar/fyllingar og andre terrengendingar basert på terrengmålingar på staden. Det må sendast inn nye korterte lengde- og tverrprofiler til godkjenning som syner plassering av veganlegget basert på terrengmålingar på staden. Veganlegg på tilpassast eksisterande terreng*
4. *Plassering av veganlegg frå våningshuset og til uthuset skal prosjekterast slik at det fører til minst moglege endringar i terrenget*

Før det gis igangsettingsløyve må fylgjande vilkår stettast:

5. *Det må innhentas samtykke til omdisponering etter jordlova for plassering av nye bygg*
6. *Det må innhentas mellombels dispensasjon frå jordlova etter § 9 for etablering av nydyrkningsfelt*
7. *Det må innhentas løyve får landbruksavdelinga etter forureiningsforskrifta § 4-4 (2). Eventuelle vilkår skal stettast*
8. *Det må innhentas løyve frå Statens vegvesen til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse. Eventuelle vilkår skal stettast*
9. *Komplett søknad om utsleppsløyve må sendast inn. Eventuelle vilkår i utsleppsløyve skal stettast*

Før det gis ferdigattest må fylgjande vilkår stettast:

10. *Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen av både bygg og anlegg.*

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Benjamin Hicks på e-post benjamin.hicks@lindas.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Rammeløyve for oppføring av bustadhus med to bueiningar på vilkår - gbnr 99/4 Våge

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og
samfunnsplanavdelinga
Link Arkitektur

Dreggsallmenning 5003
en 10/12

BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
STATENS VEGVESEN

Postboks 7310 5020
Postboks 7900 5020
Postboks 8142 33
Dep

Bergen
BERGEN
OSLO